

Saksbehandlar: Øystein Hunvik, Samferdsleavdelinga  
Sak nr.: 16/9296-27

## **Flytting av endestopp for Sognebåten. Eventuelt styrka rutetilbod mellom Flåm og nordsida av Sognefjorden**

**Fylkesrådmannen rår Hovudutval for Samferdsle til å gje slik tilråding:**  
**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding.**  
**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Sognebåten held fram som i dag, med endestopp i Sogndal.
2. Rutetilbodet mellom Flåm og Balestrand vert ikkje styrka, jf. saksframstillinga.

### **Vedlegg:**

#### **Andre relevante dokument i saka:**

- Fylkestingsak 24/17 (13.06.17)
- Fylkesutvalsak 120/17 (22.11.17)
- Notat til FU 30.05.18 Status og framdrift Sognebåten

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

I FT-sak 24/17 Ekspressbåtane Sogn – Bergen gjorde FT fylgjande vedtak:

1. Det vert gitt høve til å utvide sesongen på ekspressbåten Bergen – Flåm – Bergen med inntil 1 månad i kvar retning. Føresetnaden for ei slik utviding er at reiselivsnæringa og operatør tek ansvaret og den økonomiske risikoen.
2. Fylkestinget er positiv til intensjonane med ei betre samankopling av Flåm og nordsida av Sognefjorden heile året. Fylkestinget ber leiar av Samferdsleutvalet og administrasjonen gjennomføre drøftingar med Sogn Regionråd, kommunane i Ytre Sogn, Norled og reisemålsselskapa Visit Fjordkysten og Visit Sognefjord om moglege løysingar for ei slik samankopling. Fylkestinget ber om ei klargjering av kostnader og konsekvensar for dei reisande. Det skal og undersøkast høvet til å innføre differensiert prising for dei reisande.

Det er gjennomført drøftingar som omtalt i pkt. 2, men det har ikkje vore lagt fram sak for FT der kostnader og konsekvensar for dei reisande vert klårgjorde.

I nov-17 fremja fylkesrådmannen sak med sikte på handsaming i FU/FT. FU gjorde då slikt vedtak (120/17):

1. Sognebåten held fram som i dag, med endestopp i Sogndal.
2. Fylkesutvalet ber administrasjonen greie ut eit styrka tilbod mellom Flåm og nordsida av Sognefjorden før saka eventuelt går vidare til fylkestinget.
3. Det vert ikkje innført differensierte takstar på båtane.

Denne saka, jf. vedtakspunkt 2, vart såleis ikkje førelagt FT.

I notat til FU 31.05.18, som gjekk i kopi til HS 30.05.18, vart FU – med grunnlag i ei viss vidare utgreiing – beden om å avgjere om saka burde vidare til FT. Jf. pkt. 2 i FU sitt vedtak i sak 120/17. FU gjorde då vedtak om at saka ikkje skulle til FT.

Etter nemnde møte i FU har fylkesrådmannen på nytt vurdert om saka burde føreleggjast FT. Det vart her konkludert med at saka måtte fram for FT i og med at det opphavelige oppdraget kom derifrå, jf. vedtak i FT-sak 24/17. Fylkesrådmannen orienterte så fylkesordføraren om denne vurderinga, og det vart då konkludert med at ein må leggje til rette for ein prosess med sikte på eit endeleg FT-vedtak no i juni.

Fylkesrådmannen beklagar for sin del at det har vore skapt uklårheit om omtalte prosess.

#### Sentrale problemstillingar

Saka er belyst gjennom saksutgreiingane til FT-sak 24/17, FU-sak 120/17 og seinast i notat til FU 30.05.2018. I notatet til FU 30.05.18 har fylkesrådmannen synleggjort ønska rutetilbod frå delar av næringslivet og praktiske og økonomiske konsekvensar av ev. endringar.

#### **Styrka tilbod mellom Flåm og Nordsida av Sognefjorden**

I dag har fylkeskommunen avtale med Fjord1 om ei lokalrute mellom Flåm og Balestrand 8 veker om sommaren:

Flåm	06:00	
Aurland	06:15	
Leikanger	07:30	Korrespondanse med Sognebåten til Bergen
Balestrand	08:00	
Balestrand	08:30	
Leikanger	09:00	
Aurland	X	(Dersom passasjerar)
Flåm	10:30	

I tillegg har fylkeskommunen avtale med Norled om ekspressbåt mellom Bergen og Flåm frå mai – september. I 2018 går denne båten - på kommersielt grunnlag - 2 veker ekstra i april og oktober.

Avtalane fylkeskommunen har med Fjord1 og Norled går til 30. april 2022. Anbud på rutetilbodet som vil gjelde frå 1.05.22 skal etter planen sendast ut i november 2019. Fram mot denne utlysinga vert det ein prosess med avklaring av korleis rutetilbodet i fylket skal vere frå 1. mai 2022.

I tida fram til 30. april 2022 må vi forhalde oss til gjeldande avtalar og ev. endringar i rutetilbodet som kan gjerast innanfor desse avtalane.

#### **Dialog med næringa**

Fylkesrådmannen har hatt dialog med reiselivsnæringa i Flåm for å avklare kva rutetilbod dei meiner er fornuftig på strekninga Flåm – Balestrand. I tillegg har det vore gjort forsøk på å avklare ev. medfinansiering frå næringslivet utan at det er kome til noko avklaring.

I dialogen med næringa har dei skissert ei løysing der dagens ekspressbåt stoppar i Balestrand/ Sogndal og passasjerane går over på lokalbåt for å reise vidare til Flåm. Då dette ikkje er aktuelt innanfor kontrakten med Norled, har vi vald å ikkje gå vidare med det alternativet.

Næringslivet vi har hatt dialog med foreslår at dagens rundtur vert vidareført, men med utsett avgangstid frå Flåm til kl. 06.30 til Leikanger i korrespondanse med ekspressbåt til Bergen. I tillegg ønskjer dei ein rundtur på kveldstid med korrespondanse med ekspressbåten frå Balestrand til Flåm.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

#### Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Som det går fram av utgreiingane vil kostnaden med flytting av endestopp frå Sogndal til Flåm koste om lag 4 mill. kr. pr. år. Ved berekning av denne kostnaden er det teke omsyn til auka driftskostnader båt, nye bussruter, nedlegging Flåmekspressen, inntektsbortfall Sogndal og nye inntekter Flåm.

Det er ikkje kome nye moment i saka om flytting av endestopp etter at saka vart handsama i FU io november-17 (sak 120/17).

The Fjords har synleggjort kostnader og forventa inntekter både med heilårsrute og sommarrute mellom Flåm og Balestrand. Kostnadane med ei heilårsrute er svært store og fylkesrådmannen avgrensar vurderingane til sommarproduksjon.

Då fylkeskommunen må forhalde seg til eksisterande kontraktar, er det gjort vurderingar på kor stor kostnadsauke vi må rekne med innanfor desse. Kostnadane The Fjords har presentert er mykje høgare enn dei grove estimata nedanfor.

Estimat ekstrakostnad ved endring eksisterande kontrakter	Kostnadsauke
Seinare avgangstid frå Flåm/ raskare båt/1 rundtur	300 000 kr
Auke frå 1 til 2 rundturar pr. dag	650 000 kr
Større båt (70 pax)	750 000 kr
Utvida sesong til 12 veker 1 rundtur/2 rundturar	400 000 / 800 000 kr

Dersom det frå sommaren 2019 er ønskje om seinare avgang frå Flåm og ein ekstra rundtur dei 8 vekene rutene går, vil det koste om lag 950.000 kroner ekstra pr. år. Dersom ein i tillegg vil setje inn større båt og utvide sesongen med 4 veker vil den samla kostnadsauken bli om lag 2,5 mill. kr.

Bruk av 2,5 mill. kr. til styrking av rutetilbodet mellom Flåm og Balestrand vil medføre reduksjonar i rutetilbodet andre stader i fylket dersom det ikkje vert tilført meir midlar til kollektivtrafikken.

### **3. Konklusjon**

Det er knytt stor risiko til inntektsbortfall og omfanget av nye reisande ved flytting av endestopp frå Sogndal til Flåm. Vidare er det noko risiko knytt til kostnader. Etter drøftingar med Norled er det årlege tilskotsbehovet vurdert til å vere om lag 4 mill.kr høgare enn i dag ut avtaleperioden (april 2022).

Fylkesrådmannen rår til at Sognebåten held fram som i dag med Sogndal som endestopp.

Fylkesrådmannen vil ikkje tilrå ei utviding av rutetilbodet mellom Flåm og Balestrand, då det får negative følgjer for det resterande kollektivtilbodet i fylket dersom det skal løysast innanfor eksisterande økonomiske rammes.